



Bremanger kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 18.02.2026
Tid: Kl. 10:00 - 13:00

Følgjande medlem møtte

Björg Lofnes
Petter Mulelid
Reidun Lovise Grotle
Aage Kvendseth

Parti

Forfall meldt frå følgjande medl.

Kjell Sørland

Parti

VIP

Følgjande varamedlem møtte

Norvall Klungresæter

Parti

Uavhengig

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av møteprotokoll
003/26	Referatsaker
004/26	Drøftingssak
005/26	Orienteringssaker
006/26	Årsmelding for eldrerådet 2025
007/26	Gjennomgang av saklista til Kommunestyret
008/26	Saker som kjem til

001/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Eldrerådet den 18.02.26 vert godkjende slik dei ligg føre.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Eldrerådet den 18.02.26 vert godkjende slik dei låg føre.

002/26: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll for Eldrerådet den 10.12.25 vert godkjend og skriven under slik den ligg føre.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 002/26 Vedtak:

Møteprotokoll for Eldrerådet den 10.12.25 vart godkjend og skriven under slik den låg føre.

003/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 003/26 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande.

004/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

Sak 1: Skriv frå Folkeaksjonen:

Eldrerådet har sett på problemstillingane i førespurnaden frå Folkeaksjonen mot etablering av hydrogen- og ammoniakfabrikk på Holmaneset.

Eldrerådet meiner dette er problemstillingar som er aktuelle å få svar på for dei aldersgruppene rådet representerer i høve kommunestyret, og ber om at desse spørsmåla vert utgreidd for rådet.

Sak 2: Seniorkraft

Fylkeseldrerådet ønskjer at eldreråda skal ha deira protokollar opp som referatsak. Sekretær syt føre at desse vert lagt ved.

Aage gjekk igjennom årsmeldinga til Fylkeseldrerådet.

Deltaking på kurs på Skei

Aage og Bjørg skal delta på kurset på Skei. Sektrær ordnar med påmelding.

ELD- 004/26 Vedtak:

Drøftingssaker vert teke til vitande.

005/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringssaker vert teke til vitande.

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

Heimebesøk og samtalar for dei som fyller 78 år. Dei fleste er positive til denne samtala.

Har til no gjennomført ganske mange samtalar. På heimebesøka er det ein sakshandsamar, i tillegg har det vore med nokre sjukepleiarstudentar og ergoterapeutstudentar. Dette arbeidet er planlagt å forsette, slik at det vert eit årleg arbeid som går.

Temaplan for vaksne

Konkretisere og operasjonalisere dei overordna måla kommunen har vedteke i samfunnsplanen. Vi tar utgangspunkt i overordna mål og delmål i Samfunnsplanen.

Anna kunnskapsgrunnlag: Folketal og demografi (status og prognose), innspel frå innbyggjarundersøkingar, folkemøte, lovverk, kommunen sine samfunnsoppdrag, tilstandsrapport for utviklingshemma, økonomi med meir.

Temaplanen skal vere eit bindeledd mellom Samfunnsplanen og konkret utviklingsarbeid for vaksne innbyggjarar i Bremanger kommune.

Kva er behov framover, og kva tenester skal vi legge til rette for?

Mål: Innan 30.06.2026 skal det utarbeidast temaplan for vaksne. Tidslinja skal justerast, treng lenger tid. Dette har vore oppe i styringsgruppa.

Aktivitet:

Gjennomført 7 prosjektgruppemøter

Innbyggjarundersøking

Tema i ungdomsrådet, Eldrerådet

Tema i møte mellom kommune og lag og organisasjonar

KST hadde arbeidsmøte

Lover og nasjonale føringar

Helsereformutvalet sitt arbeid – skal levere inn sin rapport i november 2026

Medlemmane i prosjektgruppa arbeider med oppdraget i sine fagområde/einingar

Vi har samla saman meir kunnskapsgrunnlag – utfordringar

Framsikt – vi skal bruke planmodulen som verktøy; Alt skal henge saman med alt – også økonomiplan.

Dette er eit stort arbeid som vil ta lenger tid enn planlagt.

Hovudutfordringane er demografien.

Vi ligg under det som statistisk sentralbyrå forstua. Elevgrunnlaget går veldig ned, og dei som er i alderen som passar i arbeidslivet går ned, medan folketalet for eldre aukar.

Korleis skal vi endre dette, korleis skal vi drive det? Kven skal vere her for å drive næringslivet? Kva skal vi prioritere?

Aage etterlyste informasjonsbrosjyra som det har vore snakka om fleire gangar.

Den må komme i prosjektet, kanskje i samband med arbeidet som vert gjort ilag med Husbanken.

Økonomisk utvikling – endra utgiftsbehov i forhold til demografi, perioden 2025-2035.

Satsingsområdet i samfunnsplanen; arbeid/næring, bustad/bustadområder, fritid/kultur og

Oppdraget er stort - vi skal ha kommunale tenester med det innhaldet innbyggjarane har behov for også om 10 og 15 år.

Tidslinjene vert justert sidan det ikkje er mogeleg å bli ferdig innan planlagt frist som var juni 2026.

Høgare kostnad enn budsjettert . til no er kostnaden 460 000 (budsjett 637 000)

Eldrerådet kom med innspel om tiltak vidare:

Få ned pris på tomter slik at det er meir attraktivt å bygge hus

Prosjekt på Dagaktivitetstilbod – vert vidareført

Musikkterapi va eit prosjekt – det håper vi at det skal vidareførast

Marcel Meijer - Dialog om beredskapen i Bremanger kommune.

Det skal vere stor øving i heile Norge i juni 2026. For Bremanger kommune vert det sett av ein dag til øving. Heile kriseleiinga skal delta på denne øvinga.

Det er stadig øvingar innad i kommunen, og diskusjonar med situasjonar ein tenkjer kan oppstå. Ser vi at der er svakheiter nokon stad, så vert det utarbeidd planar og rutinar for den aktuelle hendinga.

Det har vore tilsyn av statsforvaltaren av beredskapsplanane. Har vore to gangar, siste for om lag to år sidan.

Bør det vere ved-lager rundt om i kommunen, i tilfelle straumen går og vert vekke lenge?

Butikkane som har Mercur-program, er det avtale med butikkane i forbindelse med beredskap? Det er ikkje avtale per i dag, Marcel kan ta det vidare.

Sanitetslaga i kommunen har avtale med butikkane, i alle fall i ytre Bremanger. Kommunen har òg avtale med saniteten.

Den overordna beredskapsplanen vår er ein liten del av den totale beredskapen. Vi har i tillegg mange ROS-analyser og planar. Dette er levande planar, som vert oppdatert ved behov.

Beredskapsplanen vert oppdatert ved kvart kommunestyreval.

ELD- 005/26 Vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

006/26: Årsmelding for eldrerådet 2025**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsmelding for eldrerådet vert godkjend slik den ligg føre.

Eldrerådet 18.02.2026:**Handsaming:****ELD- 006/26 Vedtak:**

Årsmelding vart godkjend slik den låg føre.

007/26: Gjennomgang av saklista til Kommunestyret

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 007/26 Vedtak:

Ingen merknad til nokon av sakene.

008/26: Saker som kjem til

Eldrerådet 18.02.2026:

Handsaming:

ELD- 008/26 Vedtak: